

UWC Røde Kors Nordisk er ein internatskule for 200 elevar i alderen 16-19 år, frå meir enn 80 ulike land. Elevane gjennomfører eit to-årig studieprogram - International Baccalaureate (IB) Diploma. Skulen er mellom anna finansiert av offentlege midlar frå dei nordiske landa, og ligg idyllisk plassert ved Flekkefjorden i Fjaler kommune på Vestlandet. Skulen har omlag 70 tilsette og har to datterselskap, UWC Connect AS og Verdsgrenda Eigedom AS. UWC Connect AS har ansvar for andre aktivitetar som mellom anna leirskule, sommarleirar og som vertskap for ulike grupper som kjem for å oppleve det unike miljøet på skulen. Verdsgrenda Eigedom AS eig og forvaltar bygg på eigedomen.

SOMMARJOBB - VEDLIKEHALDSAVDELINGA

Vi har ledig ei stilling som sommarvikar ved avdelinga for vedlikehald.

Stillinga passar for deg som er 16 år eller eldre, som er fleksibel og som likar å jobbe åleine, men òg i lag med andre.

Arbeidsperioden er frå 29. juni til 1. august (veke 27-31), men her kan det vere rom for litt justeringar.

Arbeidsoppgåvene er typiske innan vedlikehald, både innan- og utandørs, og gjeld m.a. plenklipping og målararbeid.

Kvalifikasjonar:

- Du må kunne arbeide sjølvstendig og ha gode samarbeidsevner

Dersom dette er arbeidsoppgåver som kan passe for deg, ber vi om at du sender ein enkel søknad og CV til appointments@uwcrn.no.

Dersom du har spørsmål til stillinga kan du kontakte Operational Service Manager **Ainor Naustdal** på tlf.: **917 09 715** eller på e-post: ainor.naustdal@uwcrn.no.

Søknadsfrist er 01.03.2026.